




Risiko knytt til kjemikalier og eksplosiv

Februar 2020



Innhald

Forord.....	3
1. Innleiing	4
1.1 Sentrale aktørar – ansvar og mynde	4
1.2 Forkortingar og omgrep	6
2. Kartleggje kjemikaliar og eksplosiv	7
2.1 Oversikt over storulukkeverksemdar	7
2.2 FAST – oversikt over faste anlegg.....	8
2.3 Kjemikaliar og eksplosiv som ikkje er registrert i FAST	9
2.4 Transport av kjemikaliar og eksplosiv.....	9
3. Informasjonsdeling.....	12
3.1 Informasjon om anlegg med kjemikaliar og eksplosiv	12
3.2 Informasjon om kommunen.....	13
3.3 Informasjon frå nødetatane	13
4. Korleis bruke kunnskapen i vidare planlegging?	14
4.1 Planar og kartløyvingar	14
4.2 Opplæring og øvingar	15
Vedlegg: Liste over sentrale lover og forskrifter	16

Forord

Alvorlege ulykker i industrien er heldigvis relativt sjeldne, men dei kan ha eit veldig stort skadepotensiale viss dei først skjer. Gjennom tilsyn og anna kontakt med kommunane har vi inntrykk av at dei har noko varierende kunnskap og medvit om risiko knytt til storulykkeverksemder og andre verksemder som handterer kjemikaliar og eksplosiv. Temaet er gjerne ikkje meir enn overflatisk omtalt i den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen.

Ansvar for å kartleggje og forstå risikoen er fordelt på fleire aktørar. Dette dokumentet vil omtale ansvaret til dei mest sentrale; eigarane (brukarane), kommunen og nødetatane. Eigarane har direkte ansvar for å setje i verk nødvendige tiltak for å redusere uakseptabel risiko i handteringa av stoffa. Kommunane har eit viktig ansvar i kraft av fleire roller, t.d. for å generere kunnskap gjennom den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen. Kommunen er òg ein sentral beredskapsaktør (helseberedskap, brann- og redningsteneste og generell kommunal beredskap). Politiet og spesialisthelsetenesta har ei førebyggjande rolle og eit ansvar for å gjennomføre og koordinere redningsaksjonar når det skjer uønskte hendingar.

Generelt har kommunar trong for meir kunnskap om kva konsekvensar uønskte hendingar med kjemikaliar og eksplosiv kan få på tvers av tenesteområda og i sektorane. Deling av informasjon og samhandling internt og mellom organisasjonar er viktig for å auke kunnskapsnivået.

1. Innleiing

Tilsyn med kommunar og industriverksemder i fleire fylke viser at samarbeidet om førebygging og beredskap knytt til kjemikaliar og eksplosiv kan verte betre. Dette dokumentet er eit framlegg til korleis kommunar, nødetatar og verksemder kan samarbeide for å få ei heilskapleg oversikt over risikoar knytt til risikoområdet.

Hovudmålet er at kommunen skal få meir kunnskap om risikopotensialet som kjemikaliar og eksplosiv representerer, og kva konsekvensar uønskte hendingar kan få for drifta av kommunale tenester. Kunnskapen bør vere synleggjort i den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen, og verte nytta i beredskapsplanlegging og areal- og samfunnsplanlegging.

Det er òg eit mål at nødetatar, verksemder og kommunar skal dele informasjon om kva forventningar dei har til kvarandre og kartleggje trong for vidare samarbeid.

Korleis bruke framlegget?

Beredskapsaktørar kan nytte framlegget til å få innsikt i kvar dei kan finne informasjon om kjemikaliar og eksplosiv, kva informasjon dei bør dele med sentrale aktørar og kva informasjon dei bør etterspørje. Vi har valt ut viktige moment innan risiko og sårbarheit knytt til temaet, men det er ikkje ei uttømmende liste over alt som kan vere relevant å vurdere.

1.1 Sentrale aktørar – ansvar og mynde

Nedanfor omtalar vi dei mest sentrale ansvars- og myndigheitsområda til dei tre aktørane.

Kommunen

Kommunen er lokal planstyresmakt og har ei sentral rolle i førebyggjande tryggleiksarbeid gjennom arealplanlegging¹. Kommunen skal ha ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, skal kartleggje tiltak mot risikoar som ikkje er akseptable², og lage beredskapsplanar. Til dømes skal kommunen vurdere trong for evakuering og befolkningsvarsling og lage planar ut frå behovet. Kommunen har ansvar for å invitere med relevante aktørar (både offentlege og private) i arbeidet med å utarbeide den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen, og i samarbeidet om beredskapsplanlegging.

¹ Plan- og bygningslova.

² Sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Eigar og brukar av anlegg med kjemikaliar og eksplosiv

- Dei har både plikt til å vurdere risiko knytt til kjemikaliar og eksplosiv og etablere nødvendig beredskap med tilhøyrande varslings- og innsatsplanar³.
- Innmeldingspliktige verksemder⁴ skal samordne sin beredskapsplan med offentlege beredskapsplanar slik at det kan etablerast eit samarbeid med kommunen og eventuelt andre lokale styresmakter.
- Verksemder som er underlagt storulykkeforskrifta har i tillegg plikt til m.a. å gjere nødvendig informasjon tilgjengeleg for innbyggjarane. *(I ny utgåve av forskrifta vil det kome krav om at «nødvendige opplysninger i beredskapsplanen skal formidles til kommunen og nød- og beredskapsetatene»).*
- Industriverksemder over ein viss storleik er plikta å etablere eit industrivern for å handtere uønskte hendingar⁵.

Nødetatar

- Brann og- redningsvesenet har eit særleg ansvar for arbeid med førebygging (risikovurdering og tilsyn), redning og teknisk handtering av ulykker. Dei skal kartlegge risikoen for brann⁶. Les meir om brannforebygging og beredskap på [DSB sine nettsider](#)⁷.
- Politiet har ansvar for innsatsleiing og overordna organisering av redningsinnsatsen ved uønskte hendingar. Politiet er ansvarlege for å setje i verk evakuering og å oppheve evakuering.
- Helsetenesta er ansvarleg for å redde liv og helse.

³ Brann og eksplosjonsvernlova § 21, forskrift om handtering av brannfarleg, reaksjonsfarleg og trykksett stoff samt utstyr og anlegg som vert nytta i handteringa §§14 - 20

⁴ Forskrift om handtering av brannfarleg, reaksjonsfarleg og trykksett stoff samt utstyr og anlegg som vert nytta i handteringa §12

⁵ Forskrift om industrivern

⁶ Forskrift om brannforebygging §14

⁷ DSB si nettside: <https://www.dsb.no/lover/brannvern-brannvesen-nodnett/>

1.2 Forkortingar og omgrep

Kjemikaliar og eksplosiv	Stoff som kan vere giftige og brann- og eksplosjonsfarlege og utgjere fare for liv og helse, miljø og materielle verdiar ⁸ . <i>I nokre tilfelle kunne vi brukt omgrepet «farlege stoff» (brann- og eksplosjonsvernloven⁹) i staden for kjemikaliar og eksplosiv, men vi har valt å halde oss til eitt omgrep sidan dei for det meste omhandlar det same.</i>
Farleg gods	I dette dokumentet forstår vi omgrepet «farleg gods» som kjemikaliar og eksplosiv som er under transport.
Handtering av kjemikaliar og eksplosiv	Ein kvar omgang med kjemikaliar og eksplosiv. Til dømes tilverking, lagring, behandling, tapping, transport, lasting, lossing, handel, overføring og bruk.
Anlegg med kjemikaliar og eksplosiv	I dette dokumentet meiner vi alle anlegg som handterer kjemikaliar og eksplosiv. Både dei som er meldepliktige ¹⁰ og dei anlegga som ikkje er det.
Meldepliktige anlegg	Anlegg med kjemikaliar og eksplosiv som overstig grensene i forskrifta ¹⁰
Storulukkeverksemd	Privat eller offentleg føretak med kjemikaliar og eksplosiv, der mengda er større eller lik grenseverdiane i forskrifta ¹¹
Industrivern	Ordning som sikrar at kvalifisert personell i ei verksemd er tilgjengeleg for innsats på kort varsel ¹²

⁸ DSB, 2019, Analysar av krisescenario

⁹ Brann og eksplosjonsvernloven §4

¹⁰ Forskrift om handtering av brannfarleg, reaksjonsfarleg, og trykksatt stoff (...) §12

¹¹ Storulukkeforskrifta §3

¹² Forskrift om industrivern

2. Kartleggje kjemikaliar og eksplosiv

Kommunar, nødetatar og andre relevante beredskapsaktørar har trong for å kartleggje kjemikaliar og eksplosiv. I dette kapittelet omtalar vi relevante kjelder til informasjon. Vi oppmodar beredskapsaktørar om å ha merksemd på alle anlegg som handterer kjemikaliar og eksplosiv, ikkje berre dei som er definert som storulukkeverksemdar.

2.1 Oversikt over storulukkeverksemdar

Storulukkeverksemdar er vurdert til å utgjere særleg stor risiko for omgjevnadene¹³. Storulukkeverksemdene er pålagde å følgje krava i storulukkeforskrifta, og fleire aktørar fører regelmessig tilsyn etter forskrifta¹³. Verksemdene er avhengig av godt samarbeid med andre beredskapsaktørar for å førebyggje uønskte hendingar og avgrense konsekvensar. Kommunar og nødetatar bør delta i eit slikt samarbeid.

Relevant informasjon om storulukkeverksemdar for nød- og beredskapsaktørar


- [Viktig informasjon om storulukkeforskrifta](https://dsb.no/farlige-stoffer) (dsb.no/farlige-stoffer)
- [Tryggleik rundt storulukkeverksemdar](https://dsb.no/veiledere) (dsb.no/veiledere)

DSB sender årleg ut oversikt over storulukkeverksemdar til kommunar, fylkesmenn, alarmsentralar, Sivilforsvaret, IUA¹⁴, HRS, helseføretak, politi og Kystverket. Det er viktig at desse listene vert delt med dei som har tenestleg trong for informasjon internt i organisasjonane. Som eit minimum bør brannsjef, kommuneleinga og beredskapsansvarlege i kommunen ha kjennskap til og oversikt over storulukkeverksemdar.

¹³ Storulykkeforskrifta §3

¹⁴ IUA: Interkommunale utval mot akutt forureining som skal kunne handtere mindre akutte utslepp.

2.2 FAST – oversikt over faste anlegg



FAST er ein database som inneheld geografisk plassering og anna informasjon om faste anlegg som handterer kjemikaliar og eksplosiv. Det er mengda av stoffet som avgjer om eigar/brukar er plikta til å melde anlegget inn til DSB¹⁵. Både kommunen (t.d. arealplanleggjar og beredskapsplanleggjar) og nødetatane bør gjere seg kjent med FAST. DSB er ansvarleg for å gi tilgang til databasen.

For kommunar og nødetatar er det viktig å vere medvitne at anlegg med kjemikaliar og eksplosiv som ikkje er omfatta av storulukkeforskrifta kan utgjere stor risiko. Nedanfor har vi omtala ei uønskt hending der mengda av hydrogen var langt under grensa for storulukkeforskrifta. Hendinga kunne likevel fått store konsekvensar.

Kan lagre opp til 5 tonn hydrogen uten godkjenning: – Under en kilo kan føre til dødsulykke

Ingen hydrogenanlegg i Norge trenger godkjenning fra fagmyndighet.



Teknisk ukeblad 27. juni 2019

I juni 2019 eksploderte ein hydrogenstasjon i Sandvika i Bærum kommune. Eksplosjonen var svært kraftig og jordskjelvmålarar fleire kilometer vekk registrerte hendinga. Grensa for å verte storulukkeverksemd er på fem tonn hydrogen, medan risikoanalysane viser at hydrogenstasjonen i Sandvika skulle lagre opp til 100 kilo.

¹⁵ Forskrift om håndtering av brannfarlig, reaksjonsfarlig og trykksatt stoff samt utstyr og anlegg som benyttes ved håndteringen (vedlegg 2)

2.3 Kjemikalier og eksplosiv som ikkje er registrert i FAST

Sjølv anlegg som er under grenseverdiane for å verte registrert i FAST kan utgjere ein betydeleg risiko. Til dømes kan eit anlegg lagre opp til 400 liter ammoniakk eller opp til 100 000 liter diesel utan at anlegget må meldast inn til DSB.

Alle verksemder som handterer kjemikalier og eksplosiv skal utarbeide risikovurderingar. Vurderingane skal vere tilgjengelege for kommunen, og kommunen bør etterlyse konkret informasjon framstilt på ein forståeleg måte. Sjå kap. 3 for meir detaljar om kva informasjon som bør delast.

Nær 200 menneske evakuert etter gasslekkasje

SOGNDAL (NRK): Mellom 150 og 200 menneske er evakuerte frå Fosshaugane Campus på grunn av gasslekkasjen. To timar etter at lekkasjen vart oppdaga har brannvesenet framleis ikkje kontroll.



I oktober 2015 vart fleire hundre personar evakuert frå Fosshaugane Campus i Sogndal som følgje av ammoniakklekkasje. Brannvesenet i kommunen visste ikkje om at det var lagra ammoniakk på området. Grensa for å melde inn lager av ammoniakk til DSB er på 400 liter, på Fosshaugane Campus var det lagra 150 liter.

Uavhengig av kva anlegg som er synleg i FAST, vil kommunen få kunnskap gjennom handsaming av byggesaker som er søknadspliktige etter plan- og bygningslova¹⁶. Kommunen kan såleis bruke sine egne plan- og byggjesaksregister som kjelder for å få oversikt over alle anlegg med kjemikalier og eksplosiv. Relevant informasjon bør delast internt i kommunen og med andre beredskapsaktørar.

2.4 Transport av kjemikalier og eksplosiv

Store mengder kjemikalier og eksplosiv vert transportert på sjø, veg og jernbane. Sjølv om det vert sett krav til eigenberedskap, vil uønskte hendingar gjere det nødvendig med innsats frå nødetatane og eventuelt andre beredskapsaktørar¹⁷. I mange deler av landet er uttrykkingstida lang, og ressursane kan vere avgrensa.

¹⁶ Plan- og bygningslova (§20-1)


¹⁷ Brann og eksplosjonsvernlova (§ 21)

Kommunar (inkludert IUA) og nødetatar bør leggje vekt på å skaffe best mogleg kunnskap om kva som regelmessig vert transportert i og gjennom kommunen. Det er viktig å vurdere om det er samsvar mellom den risikoen som transportane utgjer, og tilgjengelege beredskapsressursar, kompetanse, øvingsnivå osv.

Eigarane av kjemikalier og eksplosiv har kunnskap om kva som vert transportert. Sidan transportane går over lange distansar, kan det vere krevjande å finne fram til kven som er ansvarlege for transportane.

Nedanfor har vi lista opp nokre kjelder som kan vere nyttige i kartlegginga av farleg gods.

Informasjon om transport på sjø



Figur 1 Kart frå havbase.no

- Havbase.no: informasjon om kvar ulike typar last og skip vert frakta.
- Kystinfo.no: til dømes informasjon om sannsyn for ulukker og oversikt over sjøulukker frå år 2000.
- Kystverket sender kartutklipp over alle nesten-ulukker og uønskete hendingar innan akutt forureining på førespurnad.
- Hamneanlegga veit ofte mykje om kva som vert transportert og kor ofte det vert transportert.


Informasjon om transport på jernbane

På Bergensbanen kan det fraktast alle typar gods som er godkjent gjennom forskrift om landtransport av farleg gods og ADR/RID. Bane NOR ønskjer å bidra i kommunane sine analysar av risiko og sårbarheit og i beredskapsplanlegginga. Vertskommunar for jernbane bør nytte seg av kunnskapen til Bane NOR i analysearbeid og invitere dei med på øvingar. Dei har mellom anna kunnskap om definerte stoppestadar for farleg gods og oversikt over særleg utsette jernbanestrekningar.

Bilde:	Kjøretid til neste stasjon 40 km/h:	Topografi:	Bebyggelse: Kjøretid fra brannstasjon:	Lenke til kartverket:
Bergensbanen, Bulken stasjon, x-spor 598 m, km 392,550. 	17 min.	Åpent. Spor 2 øst. Port til riksvei. 100 m til vann. Godt egnet.	Ingen bebyggelse. Voss, 15 min.	Kart Bulken stasjon

Bulken stasjon er ein av dei definerte stoppestadane for transport med farleg gods langs Bergensbanen.

Informasjon om transport på veg:



Kartet viser transportmønster på veg for alle fareklassar i 2012. Kartlegginga vart gjennomført av TØI og DSB

Det finst relativt lite informasjon om transport av farleg gods på veg. Statens vegvesen og DSB tilrår beredskapsaktørar å snakke direkte med transportselskap og verksemdar for meir informasjon.

I 2013 kartla Transportøkonomisk institutt [transporten av farleg gods i Noreg](#)¹⁸. Transportmønstra endrar seg relativt fort, men dokumentet gir likevel ein indikasjon på kvar transportane går. Det meste av farleg gods vert transportert på hovudvegar mellom dei største byane, men det vert òg transport av farleg gods langs mindre trafikkerte vegar.

¹⁸ Kartlegging av transport av farleg gods i Norge. Transportøkonomisk institutt, 2013. <https://www.toi.no/publikasjoner/kartlegging-av-transport-av-farlig-gods-i-norge-article32235-8.html> (22.1.2019)

3. Informasjonsdeling

Tilgang til informasjon er avgjerande for å kunne danne eit heilskapleg risikobilde, og kunne førebyggje og handtere uønskte hendingar. Det må vere eit mål for beredskapsaktørane å ha det same risikobildet og samordne beredskapsplanar. Vi tilrår å opprette kommunale beredskapsråd og nytte dei som arenaer for å dele informasjon.

Dette kapitlet omtalar informasjon som kan vere aktuelt for beredskapsaktørane å dele med kvarandre. Det er ikkje meint å vere ei uttømmmande liste, men vi trekk fram sentrale moment.

3.1 Informasjon om anlegg med kjemikaliar og eksplosiv

Verksemder bør dele generell informasjon (t.d. lokasjon, storleik og tal tilsette) og informasjon om potensielle uønskte hendingar og påfølgjande konsekvensar. Storulukkeverksemder er pålagde å gjere relevant informasjon tilgjengeleg, men òg verksemder som er vurdert til å utgjere mindre risiko bør gjere dette. Det er viktig at informasjonen er forståeleg for personar utan spesiell fagkompetanse.

- Kva stoff og mengde vert lagra på området?
- Har naboverksemder kjemikaliar og eksplosiv som endrar risikobildet?
- Kva hendingar kan skje og kva betydning kan dei få (både for verksemda sjølv og omgjevnadane)?
 - Sannsyn og konsekvensar
 - Geografisk utbreiing
 - Kor sterkt er kunnskapsgrunnet (uvisse)?
- Korleis kan dei uønskte hendingane verte oppdaga?
- Har verksemda eige varslingsystem?
- Vil det vere trong for å evakuere?
 - Har verksemda definert evakueringszone?
- Kva beredskapsressursar har verksemda sjølv?
- Har verksemda kartlagt aktuelle risikoreduserande tiltak som ikkje er iverksett?
- Kven er verksemda sin beredskapskontakt (både planlegging og handtering)?
- Kva er definert som oppmøteplass for nødetatar?
- Er det transport av kjemikaliar og eksplosiv til og frå verksemda?

«Seks av ti virksomheter som myndighetene kontrollerte i en stor tilsynsaksjon, vet for lite om risikoene hos nabovirksomhetene»



3.2 Informasjon om kommunen

Etter forskrift om kommunal beredskapsplikt har kommunen ansvar for å invitere med relevante aktører (både offentlege og private) i arbeidet med å utvikle ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, og i å samarbeide om beredskapsplanlegging. Dette arbeidet er ein viktig del av informasjonsdelinga mellom aktørane.

Heilskapleg ROS kan vere eit nyttig verktøy for beredskapsaktørane i arbeidet med å avdekke gjensidige avhengigheiter og sårbarheiter¹⁹. Kommunen bør òg dele følgjande informasjon frå sin beredskapsplan.

- Kva er kommunen sin kontaktinformasjon (både planlegging og handtering)?
- Kva er terskelen for å varsle kommunen om hendingar?
- Kva ressursar har kommunen tilgjengeleg?
- Kva system nyttar kommunen for varsling og evakuering?

3.3 Informasjon frå nødetatane

Industriverksemder over ein viss storleik pliktar å etablere eit industrivern for å handtere uønskete hendingar. Industrivernet er hovudsakleg dimensjonert for å vere ein førsteinnsats fram til nødetatane er til stades, og deretter kan dei vere kjentmenn og ein støtte til nødetatane.

Viktig informasjon som nødetatane bør dele:


- Responstid
- Tilgjengelege ressursar og kapasitetar (både i innsats på ulukkesstaden og til dømes på sjukehus)
- Har nødetatane trong for kjentmann i arbeidet med søk og redning?
- Kva uønskete hendingar er det størst trong for å øve på?

¹⁹ Definisjon av sårbarheit: eit uttrykk utfordringane eit system får med å fungere under uønskete hendingar, og utfordringane systemet får når det skal kome tilbake til normal drift (NOU 2000:24)

4. Korleis bruke kunnskapen i vidare planlegging?

Kunnskap om kjemikaliar og eksplosiv er relevant i planleggingsarbeidet til aktørane som er nemnt i dette dokumentet. For kommunen sin del handlar ikkje dette berre isolert om beredskapsplanlegging, men det vil òg kunne påverke planlegginga av til dømes helsetenester og arealbruk omkring verksemdene. Nedanfor har vi lista opp nokre moment som vi meiner kan vere aktuelt å tenkje på i vidare planlegging.

4.1 Planar og kartløyseringar



Bildet viser korleis omsynssoner og evakueringssoner kan teiknast rundt industriverksemdar og nyttast i planarbeid.

Illustrasjonsbilde

- Etablere omsynssoner rundt industriverksemdene i kommuneplanar og reguleringsplanar.
 - Kva aktivitet/utvikling kan det vere innan omsynssona og kva bør unngåast?
 - Bør det vere særskilte krav til bygg i området?
 - Kan klimaendringane få innverknad på industririsikoen og etablerte omsynssoner på lenger sikt²⁰?
 - Plan og bygningslova er god på regulering av nybygg, men tek i mindre grad omsyn til allereie etablert busetnad.
- Eventuelle evakueringssoner
 - Kan desse få innverknad på vidare planlegging?
 - Bør dei teiknast inn i kommunale kartløyseringar?
 - Vil klimaendringane påverke desse?

²⁰ Sjå til dømes Norsk klimaservicesenter (2016/2017) sine fylkesvise rettleiarar: <https://klimaservicesenter.no/faces/desktop/article.xhtml?uri=klimaservicesenteret/klimaprofiler>

4.2 Opplæring og øvingar

- Risiko for uønskete hendingar i industrien kan råke fleire sektorar i kommunen og kunnskapen bør difor delast internt. Kjemikaliar og eksplosiv er til dømes relevant for arbeidet med [miljøretta helsevern](#)²¹.
- Hendingar som er analysert i ROS bør vere scenario i nødetatane, kommunen og andre beredskapsaktørar sine øvingar.

²¹ Folkehelseloven kapittel 3

Vedlegg: Liste over sentrale lover og forskrifter

KMD har gitt ut eit [rundskriv om samfunnstryggleik i planlegging og byggesaksbehandling](#), som gjer greie for samfunnstryggleik i PBL (erstattar rundskrivet «T-5/97 Fareområder»).

Samfunnstryggleik, beredskap, planmyndigheit, systematisk HMS arbeid:

Lov 25. juni 2010 nr. 45 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret ([sivilbeskyttelseslova](#))

Forskrift 6. september 2011 om kommunal beredskapsplikt ([forskrift om kommunal beredskapsplikt](#))

Lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner ([«kommuneloven»](#))

Lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling ([«plan- og bygningsloven»](#))

Forskrift 19. juni 2017 nr. 840 om tekniske krav til byggverk (Byggteknisk forskrift; [«TEK 17»](#))

Brann og eksplosiv beredskap:

Lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (**«brann- og eksplosjonsvernloven»**)

Forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging

Forskrift 26. juni 2002 nr. 0729 om organisering og dimensjonering av brannvesen

Lov 29. november 1996 nr. 72 om petroleumsvirksomhet (**petroleumsloven**)

Forskrift 3. juni 2016 nr. 569 om tiltak for å forebygge og begrense konsekvensene av storulykker i virksomheter der farlige kjemikalier forekommer (**storulykkeforskriften**)

Forskrift 12. februar 2010 nr. 158 om helse, miljø og sikkerhet i petroleumsvirksomheten og på enkelte landanlegg (**rammeforskriften**)*

***Sture, Kollsnes, Mongstad mv**

Forskrift 16. oktober 1991 nr. 853 om beredskapsfartøy

Handtering av farlig stoff, eksplosiver og transport av farlig stoff; sjå [dsb sine nettsider](#) for ulike relevante rettleiingar og retningslinjer:

Forskrift 8. juni 2009 nr. 602 om håndtering av brannfarlig, reaksjonsfarlig og trykksatt stoff samt utstyr og anlegg som benyttes ved håndteringen

Forskrift 1. april 2009 nr. 384 om landtransport av farlig gods

Forskrift 15. juni 2017 om sivil håndtering av eksplosjonsfarlige stoffer (eksplosivforskriften)

Forskrift 26. juni 2002 om håndtering av eksplosjonsfarlig stoff

Annet:

Lov 13. mars 1981 om vern mot forurensninger og om avfall (**forurensningsloven**)

Forskrift 6. desember 1996 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (**Internkontrollforskriften**)

Lov 23. juni 2000 nr. 56 om helsemessig og sosial beredskap (**helseberedskapsloven**)

Forskrift 23. juli 2001 nr. 881 om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid m.v. etter lov om helsemessig og sosial beredskap